Norges
vassdrags- og
energidirektorat

NVE

# KI-notat nr.:63/2010 - Bakgrunn for vedtak

| | |
|---|---|
| Søker/sak: | Marine Harvest AS avd. Steinsvik/Vassuttak og regulering i Steinsvikvassdraget |
| Fylke/kommune: | Møre og Romsdal/Volda |
| Ansvarlig: | Øystein Grundt Sign.: |
| Saksbehandler: | Ivar Sægrov Sign.: |
| Dato: | 31 AUG 2010 |
| Vår ref.: | NVE 200800102-11 rv/ias |
| Sendast til: | Søkjar og alle som har uttalt seg til saka |

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no
Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

# Marine Harvest AS – Søknad om løyve til auka vassuttak frå Steinsvikvassdraget til produksjon av settefisk i anlegget i Steinsvik, fortsatt regulering av Vassbakkvatnet og stenging av Vassbakkelva for opppgang av anadrom fisk - Volda kommune i Møre og Romsdal

## Innhald

Samandrag ... 1
Høyring og distriktshandsaming ... 10
Norges vassdrags- og energidirektorat (NVEs) sine merknader ... 14
NVE si vurdering ... 16
NVE sin konklusjon ... 18

## Samandrag

NVE har med brev, datert 28.10.2008, frå Fiskeridirektoratet, Region Møre og Romsdal, mottatt søknad datert 01.03.2007 frå Marine Harvest AS om løyve til å utvide produksjonen i settefiskanlegget 1222 i Steinsvik i Volda kommune frå 0,5 mill til 2,5 mill stk. sjødyktig settefisk i året. Søknaden gjeld også løyve til fortsatt regulering av Vassbakkvatnet med ein meter og stenging av vassdraget for oppgang av anadrom fisk.

Produksjonen i settefiskanlegget er basert på vassuttak frå Vassbakkelva og Tungeelva.

Volda kommune tilrår at det blir gjeve løyve til utviding og viser til at søknaden om utviding er i samsvar med vedteken arealbruk i gjeldande kommuneplan.

Møre og Romsdal fylke peikar i si fråsegn på at det er naudsynt med vilkår om minstevassføring både til Tungeelva og Vassbakkelva nedanfor dei planlagde vassinntaka til settefiskanlegget og at det blir opna for oppgang av anadrom fisk forbi dammen i Vassbakkvatnet. Fylket peikar også på at det er

viktig at vedtak i saka må vere samordna innafor dei rammer som forvaltningsplanen for vassregionen inneheld.

NVE legg til grunn at utviding av anlegget vil bli basert på utbygging av eit anlegg med turvande tiltak for å spare vatn i periodar med lite tilsig til vassdraget. Planlagt maksimalt vassuttak frå vassdraget blir auka vesentleg. Ved lågvassføring vil det for eit reint gjennomstrøymingsanlegg i periodar kunne bli kritisk lite vatn i elva, og planlagde tiltak for å spare vatn vil være avgjerande for å kunne drifte anlegget slik det er søkt om. NVE meinar at med vilkår om minstevassføring gjennom heile året og at anlegget nyttar vassparande tiltak, vil verknaden for ålmenne interesser ved utvidinga ikkje vere til nemnande ulempe. Samstundes vil eit løyve til auka vassuttak og fortsatt regulering av Vassbakkvatnet gje grunnlag for utvida produksjon i settefiskanlegget og dermed bidra til auka verdiskaping og trygging av arbeidsplassar.

**Med naudsynte avbøtande tiltak som skildra ovanfor meiner NVE at fordelane med auka vassuttak og oppretthalding av reguleringa av Vassbakkvatnet med 1 meter er større enn skade og ulempe for allmenne interesser slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev difor Marin Harvest AS løyve etter vassressurslova § 8 til eit samla vassuttak til settefiskanlegget i Steinsvik frå Vassbakkelva og Tungeelva på 25 m$^3$/min og ei regulering av Vassbakkvatnet på 1 meter. Løyvet vert gjeve på nærare fastsette vilkår.**

NVE legg til grunn at både den gamle dammen og reguleringa i Vassbakkvatnet er basert på eit lovleg etablert vassdragsanlegg og at ev. tiltak for at anadrom fisk skal kunne komme opp forbi dammen, må fylgjast opp med grunnlag i vilkår som blir fastsett i konsesjonen for vassuttak og regulering av vatnet dersom det ikkje vert gjeve særskild løyve til å stenge for oppgang av anadrom fisk.

Når det gjeld ei slik nærare vurdering av stenging av vassdraget for oppgang av anadrom fisk syner vil til eige vedtak om dette som er fatta samstundes med vedtaket i denne saka.

**Søknaden**

Søknad frå setjefiskanlegget 12222 Steinsvik i Volda kommune om løyve etter vassressurslova § 8 for vassuttak frå Vassbakkelva/Tungeelva, vart oversendt frå Fiskeridirektoratet region Møre og Romsdal til NVE med brev av 28.10.2008. Søkjar var Marine Harvest AS. I brevet gav Fiskeridirektoratet ma gav følgjande omtale av søknaden:

> *"Fiskeridirektoratet region Møre og Romsdal (FdirMR) oversender herved kopi av søknad datert 04.01.2008 fra Marine Harvest Norway AS om tillatelse til utvidelse av anlegg for oppdrett av settefisk av laks på lokaliteten 12222 Steinsvik (Euref89/WGS84: 62° 0.278' N 5° 51.019'E) i Volda kommune. Det søkes om klarering av 2,5 millioner stk. sjødyktig settefisk av laks. Lokaliteten er fra før av klarert for 500.000 stk. settefisk av laks."*

Søknadsbrevet frå Marine Harvest AS, Norway 07.01.2008:

> *"Marine Harvest Norway AS, avdeling Steinsvik (reg.nr.M/Va 0010).*
>
> *Søknad om utvidelse av settefiskanlegget for produksjon av 2,5 mill sjødyktig settefisk og om konsesjon etter vannressurslovens § 8 for vannuttak, opprettholdelse av sperre for oppgang av sjøfisk og fortsatt regulering av Vassbakkvatnet.*
>
> *Marine Harvest Norway AS søker om utvidelse av settefiskkonsesjonen M/Va 0010 i Steinsvik i Volda fra 0,5 til 2,5 millioner sjødyktig settefisk årlig. Anlegget har hatt konsesjon siden 15.*

*oktober 1986. Utvidelsen er planlagt i tilknytning til eksisterende anlegg. Det vil ikke være noen omdefinering av arealbruk i forbindelse med utvidelsen.*

*Anlegget ønsker å produsere 1.260 mill stk høstsmolt (0-åringer) med en snittvekt på 70 gram og 1.240 mill stk vårsmolt (1-åringer) med en snittvekt på 90 gram. Samlet årlig levert mengde blir 193 tonn, mens samlet årlig produksjon inkludert tap og utkast er omtrent 200 tonn. Med en samlet fôrfaktor på 1.2, utgjør dette et samlet fôrbruk på 240 tonn årlig.*

*Anlegget henter sitt vann fra det 23 km² store Steinsvikvassdraget (NVE nr 094.21) der Vassbakkvatnet er hovedvannkilde. Anlegget har i dag anledning til å regulere vannstanden med en meter, og det søkes NVE om anledning til å ta ut inntil 20 m³/min. I september vil teoretisk minimums vannforbruk ved anlegget ligge på opp mot 25 m³/min. Det planlegges derfor etablert opplegg for bruk av desinfisert sjøvann som tilleggsvannforsyning ved anlegget.*

*Småkraft AS har etablert et kraftverk i sidegreinen Tungeelva i Steinsvikvassdraget, med utslipp oppom eksisterende vanninntak til settefiskanlegget. Det er nylig inngått avtale mellom grunneiere, Småkraft AS og Marine Harvest Norway AS, som regulerer vannuttak fra vassdraget.*

*Anlegget har utslipp til sjø innerst i Dalsfjorden ca. 150 meter fra land på 18-20 meters dyp. Dalsfjordens indre del er over 7 km lang, og det er ingen terskler i munningen av Dalsfjorden. Det antas å derfor være meget gode vannutskiftingsforhold i hele vannsøylen i Dalsfjorden, og resipientforholdene i de innerste delene ansees for å være meget gode også ved en utvidelse av produksjonen.*

*Settefiskforskriften setter krav til at det ikke skal kunne gå anadrom fisk i vanninntak til settefiskanlegg, og av samme grunn ble det allerede i 1988/89 etablert en fiskesperre i forbindelse med eksisterande dam i utløpet av Vassbakkvatnet. Steinsvik Laks AS fikk et tidsbegrenset løyve fra NVE for denne fiskesperren i 1991, og dette løyvet ble utvidet for ytterligere fem år. I forbindelse med utvidelsessøknaden søkes det NVE om å få opprettholde denne sperren i ti nye år, slik at Vassbakkvatnet fortsatt kan være hovedvannkilde for anlegget.*

*For NVEs behandling av denne søknaden, vises det til omfattende tidligere korrespondanse og møtevirksomhet; blant annet møte med NVE i Førde mandag 2. februar 2004, søknad om fiskesperre av19. februar 2004, kommentarer frå NVE i brev av 28.februar 2004, og ny søknad av 16.august 2004 (vedlagt).*

*Søknaden med all dokumentasjon er opprinnelig utarbeidet for fire år siden i 2004, men på grunn av uklarheter i forvaltningsrekkefølge vedrørende avklaring av NVE-søknadene i forhold til den planlagte utvidelsessøknaden, har saken stanset opp. Den fremmes derfor nå "på nytt" samlet overfor alle involverte forvaltningsorgan.*

*SWECO Grøner AS og Rådgivende Biologer AS har i 2004 utarbeidet nødvendig dokumentasjon, som er vedlagt søknaden. I samråd med NVE blir søknaden også lyst ut samtidig med tanke på fullstendig vurdering av konsesjonsplikt etter Vassressurslovens § 8."*

**Meir frå søknaden**

Søknaden er basert på planlagt utviding av produksjonen frå 500 000 sjødyktig settefisk til 2.5 mill i året og turvande vassuttak frå Vassbakkvatnet/Tungeelva på inntil 25 m$^3$/min. Det blir også søkt om å kunne regulere Vassbakkvatnet som før med 1 meter mellom kote 30 og 31 og om løyve til å oppretthalde fiskeperra i utløpet av Vassbakkvatnet. NVE finn at det er mest hensiktsmessig å dele søknaden i to saker slik at søknaden om framleis å oppretthalde fiskesperre ved utløpet av Vassbakkvatnet blir handsama som ei sak og vassuttaket til settefiskanlegget og regulering av Vassbakkvatnet som ei anna sak. Det er sistnemnde som vert drøfta i dette notatet, og NVE har i eige brev av i dag fatta vedtak når det gjeld fortsatt stenging av Vassbakkelva for oppgang av anadrom fisk til Vassbakkvatnet.

Frå søknaden refererer vi følgjande:

*"OMRÅDEBESKRIVELSE*

*Steinsvikvassdraget (NVE vassdragsnummer 094.21) i Volda kommune ligger innerst i Dalsfjorden på Sunnmøre. Vassdraget består av to hoveddeler som møtes vel 500 ovenfor utløpet i Dalsfjorden; Tungeelva (vassdragsnummer 094.21AZ) som drenerer de østre og høytliggende delene og Vassbakkelva (vassdragsnummer 094.21A-D) som drenere de vestre og mer lavtliggende delene*




*Tungeelva*

*Tungeelva har sine kilder i Blåfjellvatnet, og går gjennom Trevassdalen før den stuper utfor fjellet sør for Storehornet og renner i stryk og fosser ned mot den flate dalbunnen før utløpet i Steinsvik. Tungeelva er en typisk flomelv, og det er foretatt omfattende flom- og erosjonssikring i flere omganger i de nedre deler av vassdraget. På 1940-tallet ble det etablert*

*steinforbygninger langs vassdraget, og på 1990-tallet utførte NVE ytterligere sikringstiltak på utsiden av de tidligere anleggene.*

*Tungeelva drenerer et samlet areal på omtrent 10 km², og med en gjennomsnittlig spesifikk avrenning på omtrent 100 l/km²/s gir dette en gjennomsnittlig vannføring i elven ved samløp Vassbakkelven på 1 m³/s eller 59 m³/min (NVE 2003). I forbindelse med planlegging av et minikraftverk i denne vassdragsdelen, er det foretatt omfattende vurderinger av vannføringsvariasjon (Småkraft 2003).*

*Vannet i Tungeelva er søkt regulert til Steinsvik Kraftverk, som er planlagt med inntak i Lille Trevassdalsvatnet og med kraftverk like oppstrøms settefiskanleggets vanninntak. Småkraft AS hadde møte med Pan-Fish Norway AS 18.04.2004, der minstevannføring i elven ble diskutert for å sikre settefiskanlegget. Småkraft AS har fått gjennomført produksjonssimuleringer ved hjelp av programmet VANSIMTAP. Samme program og input er benyttet ved konsesjonssøknaden for Steinsvik kraftverk.*

*I konsesjonssøknaden for Steinsvik Kraftverk (Småkraft 2003) er det ikke lagt inn melding om minimumsvannføringer gjennom kraftverket, men Småkraft AS kan nå garantere inntil 250 l/sek dvs. 15 m³/min til settefiskanlegget. Revisjoner på kraftverket vil bli foretatt etter avtale med settefiskanlegget.*

***Vassbakkelva***

*Vassbakkelva kommer fra Bogevatnet, og renner uten særlig fall ned til Brøtatuva, der den faller ned til Løkene. Der går den gjennom Fremstevatnet med et lite fall ned til Vassbakkvatnet (nve nr 27852), og utløpselven derfra møter Tungeelva før de renner til sjøen i Steinsvik. Vassbakkvatnet har et areal på 0,1176 km² og ligger 28 moh.*

*Vassbakkelven har et samlet nedbørfelt ved samløp Tungeelva på 13,4 km², og med en spesifikk avrenning på rundt 80 l/km²/s gir dette en gjennomsnittlig vannføring på 1,1 m³/s eller 64,3m³/min (NVE 2003). Det var tidligere en målestasjon for vannføring i vassdraget 94.10 Steinkvivatnet (operativ i perioden 1962 til 1970).*

*Gjennomsnittleg månadstilsig frå Vassbakk- og Tungeelva*



*For å simulere fordeling av vanntilgang gjennom året, har en benyttet vassføringsstatistikk fra den tidligere målestasjonen 94.10 Steinkvivatnet. Den månedlige avrenningen fra vassdraget er på nesten 125 $m^3$/min basert på en gjennomsnittlig vannføring på 64,3 $m^3$/min fra Vassbakkeelven og 59 $m^3$/min fra Tungeelven. Høyest vannføring er det vanligvis på våren i mai-juni i forbindelse med snøsmelting med over 300 $m^3$/min, mens de nedbørrike høstmånedene september og oktober også har over 150 $m^3$/min. Vintermånedene januar til mars har gjennomsnittlig 40 $m^3$/min avrenning.*

***Risiko for tørre perioder***

*Nedbøren er ikke jevnt fordelt over året, og vinterstid kan nedbøren komme som snø i de høyere delene av nedbørfeltet. I tabell 1 er det presentert en oversikt over laveste observerte månedsvannføring i Vassbakkelva basert på omregning fra observasjonene på den tidligere målestasjon for vannføring i vassdraget 94.10 Steinsvikvatnet (kun operativ i perioden 1962 til 1970). Laveste observerte månedsvannføring finner en naturlig nok vinterstid, men den korte observasjonsperioden på denne målestasjonen gjør at disse tallene er lite å bygge videre på.*

*Vintermånedene vil være de mest marginale når det gjelder vanntilgang. Da er det generelt enten svært lite vann, eller så er det flom i forhold til det lave gjennomsnittet. Varighetskurve for relativ vannføring i februar vier at i ett av tre år er det under 40 % av gjennomsnittet, mens det i ett av ti år en under 10 % av gjennomsnittet.*

*Vårmånedene fra april til og med juni er preget av flomvannføringer i forbindelse med snøsmelting, og svært sjelden lave vannføringer sammenlignet med gjennomsnittet. I juni er det ikke på noen av de tre målestasjonene målt vannføringen under 30 % av normalen i noen av årene, mens det i ett av seks år er under 70 % av gjennomsnittet.*

*Høstmånedene fra september til oktober er også preget av moderate flomvannføringer, med sjelden lave vannføringer sammenlignet med gjennomsnittet. I september er det under 30 % av gjennomsnittet i ett av 12 år, mens det i ett av seks år er under 60 % av gjennomsnittet.*

***Laks og sjøaure***

*Vassdraget er opprinnelig lakse- og sjøaureførende, med en lakseførende strekning på 3 km i Vassbakkelva fra sjøen og en strekning på 1 km fra sjøen i Tungeelva. Det er utarbeidet en egen rapport vedrørende vurdering av situasjonen for laks og sjøaure i vassdraget i forbindelse med søknad om etablering av fiskesperre i utløpet av Vassbakkvatnet (Størset 2004):*

***Det er funnet sannsynlig at det går opp laks og sjøørret sporadisk i Vassbakkedalselva ved gode vannføringsforhold. Bakgrunnen for dette er elektrisk fiske i 2004 og fiskeribiologisk utredning i 1993. Den sporadiske oppgangen er ikke tilstrekkelig til å opprettholde naturlige bestander av laks og sjøørret i vassdraget (fra sammendraget).***

*Denne rapporten oppsummerer både utvikling og status i vassdraget vedrørende fiskebestandene og uttak av fisk fra omkring 1850 og fram til i dag. Rapporten fra 1994 omfatter imidlertid også strekningen fra Vassbakkvatnet og ned til sjøen, samt den lakseførende delen av Tungeelven (Waatevik 1994), og resultatene og konklusjonene fra denne undersøkelsen er gjengitt i rapporten fra 2004. I 2004 var det imidlertid ingen vits å foreta undersøkelser på de nedre strekningene i vassdraget, fordi det var foretatt opprenskning og erosjonssikring langs kantene. Hver eneste stein var snudd, og det ble vurdert som svært lite sannsynlig å finne fisk på denne strekningen (Størset 2004).*

*De nedre delene av vassdraget, med et samlet areal på maksimalt 5000 $m^2$ og en gjennomsnittlig vannføring på 1,6 $m^3/s$, vil teoretisk sett kunne produsere omtrent 30 smolt/100 $m^2$ (Sægrov mfl.2001), og med en andel laks på minst 60 (Waatevik 1994) eller gjerne opp mot 80 %, er den nedre delen av vassdraget i seg selv stor nok til å opprettholde en egen laksestamme, dersom en setter grensen til minst 1000 utvandrende smolt årlig for å ha en laksebestand (Skurdal mfl 2001).*

***Biologisk mangfold og verneinteresser***

*Innenfor tiltakets nærområde er det fem rødlistearter av fugl, men ingen av disse artene er direkte knyttet til det berørte elvehabitatet. Det er ikke gjort registreringer av rødlistede karplanter, mose, lav eller sopp i området. Det er ingen områder eller objekter innenfor influensområdet som er fredet etter naturvernloven eller kulturminneloven. Det er ingen tap eller omdefineringer av inngrepsfrie naturområder som en følgje av tiltaket. Tiltaket er vurdert å ha liten til ingen negativ konsekvens (0) for biologisk mangfold.*

***Kulturminner***

*Det er ingen arkivopplysninger om automatisk fredete kulturminner eller gjenstandsfunn frå influensområdet. Det er imidlertid flere registreringer i nærområdet, og i influensområdet ligger ett kulturminne av nyere dato. Det knytter seg ingen vesentlige verneverdier til denne lokaliteten bortsett frå en viss lokalhistorisk betydning. Basert på eksisterende informasjon er verdien av området og potensialet for funn av kulturminner innenfor tiltaksområdet vurdert som middels, virkningen av tiltaket er vurdert til ingen til liten negativ. Samlet konsekvens mht. kulturminner og kulturlandskap vurderes derfor som liten negativ til ubetydelig (0/-).*

*Vannkvalitet, vannforsynings - og resipientinteresser*

*Det forventes ikke at tiltaket fører til endret vannkvalitet. Det er ingen utslipp som fører til forurensing langs den berørte elvestrekningen. Drikkevannsinntaket ligger ovenfor tiltaksområdet og tiltaket. Konsekvensen for vannkvalitet, vannforsynings- og resipientinteresser blir totalt sett vurdert som ingen (0).*

*Brukerinteresser / friluftsliv*

*Den eneste bruker- og friluftsmessige aktiviteten i influensområdet er et meget begrenset fiske etter sjøaure, som normalt utføres på relativt høye vannføringer. Det er ikke ventet at tiltaket i slike perioder vil ha liten betydning og tiltaket er samlet vurdert til å ha liten til ingen negativ konsekvens for friluftsliv og brukerinteresser (0/-).*

***Samfunnsmessige virkninger***

*Det er et gammelt kraftverk i Vassbakkelva med uttak nedstrøms vannuttaket til fiskeanlegget. Dette har ikke vært i drift på mange år, og det er usikkert om det lenger er aktuelt å starte det opp. Forholdet mellom kraftverket og Pan-Fish Nonvay AS er regulert gjennom avtaler mellom partene. En utbygging av fiskeanlegget vil styrke og sikre lokale arbeidsplasser, Tiltaket er derfor samlet sett vurdert å ha en positiv konsekvens (+) for lokalsamfunnet.*

***Vannbudsjett i et normalår og risiko for tørke***

*Den gjennomsnittlige årlige tilrenning til begge de to nedbørfeltene som anlegget henter vann frå er i gjennomsnitt på nesten 80 $m^3$/min dersom en regner en minstevannføring i Tungeelva på 15 $m^3$/min og vel 64 $m^3$/min i fra Vassbakkeelven. Minst tilrenning er vinterstid med rundt 35 $m^3$/min i et gjennomsnittsår. Størst vannbehov har anlegget på våren når alle tre gruppene med fisk (høstsmolt, årets ettårssmolt og årets yngel som skal bli ettårssmolt neste år) fremdeles står i anlegget, og på høsten fram mot salget av høstsmolten. I et gjennomsnittsår vil dette i all hovedsak samsvare med vårflommen i mai - juni og med høstflommene i september-oktober. Pan-Fish Norway AS avdeling Steinsvik sitt anlegg vil derfor ha rikelig med vann også til sine produksjonstopper om våren og ettersommeren, selv om en skulle benytte rikelig med vann i forhold til det presenterte teoretiske vannbehovet.*

*Teoretisk minimums vassbehov etter utviding i anlegget i Steinsvik*




| | Høstsmolt | | | Ett-års smolt | | | Samlet i hele anlegget | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | mg O/kg | $m^3$/min | l/kg/min | mg O/kg | $m^3$/min | l/kg/min | $m^3$/min | l/kg/min |
| jan | 7,23 | 0,13 | 0,46 | 1 | 5,39 | 0,05 | 5,52 | 0,05 |
| feb | 9,69 | 0,19 | 0,69 | 1 | 5,6 | 0,05 | 5,79 | 0,05 |
| mars | 8,6 | 0,56 | 0,64 | 9,69 1 | 0,20 5,35 | 0,69 0,05 | 6,11 | 0,06 |
| apr | 8,55 | 1,84 | 0,66 | 10,2 1,16 | 0,39 6,72 | 0,76 0,06 | 8,94 | 0,08 |
| mai | 5,9 | 3,80 | 0,46 | 7,74 1,26 | 0,84 8,06 | 0,58 0,07 | 12,7 | 0,1 |
| juni | 4,28 | 6,18 | 0,32 | 7,03 | 2,11 | 0,52 | 8,29 | 0,1 |
| juli | 3,86 | 9,13 | 0,29 | 5,05 | 4,01 | 0,38 | 13,14 | 0,31 |
| aug | 3,59 | 15,45 | 0,27 | 4,21 | 6,57 | 0,31 | 22,01 | 0,28 |
| sept | 3,01 | 16,42 | 0,21 | 2,86 | 7,98 | 0,19 | 24,4 | 0,2 |
| okt | 2,32 | 8,33 | 0,15 | 1,87 | 7,5 | 0,11 | 15,83 | 0,13 |
| nov | | | | 1,67 | 7,76 | 0,1 | 7,76 | 0,1 |
| des | | | | 1,37 | 7,33 | 0,08 | 7,33 | 0,08 |

*Gjennomsnittleg månadstilsig frå Vassbakk- og Tungeelva*




*Det er sjelden at vanntilgangen tilsvarer forholdene i et gjennomsnittsår. Særlig følsomt er budsjettet for kalde vintre der nedbøren legger seg som snø. Risikovurderingen gjort foran viser at vannføringen fra Vassbakke-greinen av Steinsvikvassdraget i februar i ett av tre år vil være under 40 % av gjennomsnittet (= 10 m³/min), mens vannføringen i ett av ti år vil være under 10 % av gjennomsnittet (= 2,5 m³/min). Ved etablering av minstevannføring fra Steinsvik Kraftverk på 15 m³/min, vil imidlertid anleggets vannbehov alltid være sikret vinterstid, samtidig som fisken i vassdraget også har nødvendig vannføring.*

*Anlegget har ikke tatt i bruk system for intern sirkulasjon og utlufting av $CO_2$ i de store utekarene. Ved etablering av nytt og større karvolum, vil det bli satset på et avløpssystem som både kan benytte gjenbruk og lufting av vannet. Slike karlufterne sørger for at $CO_2$ nivået i produksjonsvannet ikke overstiger 15 - 20 mg $CO_2$/liter, slik at en kan redusere det faktiske vannforbruket til under 0,1 l/min/kg fisk på høye sommertemperaturer. Dette vil skje i kombinasjon med oksygenering av karvannet, slik at fisken får nyttiggjøre seg bedre av oksygentilsettingen i vannet.*

*Gjennom en tørr og varm høst vil imidlertid vannforbruket være større enn den garanterte minstevannføringen i Tungeelva på 15 m³/min, men da vil det også sjelden være veldig lave vannføringer. I september er det under 30 % av gjennomsnittlig vannføring i kun ett av 12 år, mens det i ett av seks år er under 60 % av gjennomsnittet. Med noenlunde samme risikoforventning for august, betyr dette at anlegget i fem av seks år vil ha 30 m³/min tilgjengelig og i elleve av 12 år vil ha 15 m³/min tilgjengelig utover eventuelt avløp fra kraftverket i Tungeelva.*

***Magasinvurdering og reguleringsbehov***

*Vassbakkvatnet har et samlet areal på 0,1176 km², og med en reguleringshøyde på 1 meter gir dette et magasin på 117 600 m³. Med et vannforbruk på 1 m³/min høyere enn tilrenningen, vil dette gi en magasinvarighet på 82 døgns drift. Ved et forbruk på hele 5 m³/min over en ekstrem lav tilrenning, holder magasinet i 16 dager. Magasinet gir således en betydelig buffer til å håndtere situasjoner med tørke."*

## Høyring og distriktshandsaming

Søknaden har vore på høyring i samsvar med prosedyrar som vist til ovafor. NVE var på synfaring den 02.04.2009. NVE har mottatt følgjande fråsegner til søknaden:

**Volda kommune** *gjorde slikt vedtak i Det Faste Planutvalet den 10.04.07:*

*"....*

1. *Det aktuelle areal er i kommuneplan vist utlagt til industriformål, med basis i eksisterande settefiskanlegg. Kommunen kan ikkje sjå at ei utviding slik det er vist i søknad gjev vesentlege endra føresetnader i høve til godkjent plan. Ut frå eit arealbruksomsyn har ein såleis ikkje merknader til søknaden.*
2. *DFP viser til punktet om fisk og ferskvassbiologi i rapporten frå rådgivende biologer og ber rette mynde syte for at den tilrådde minstevassføringa på 3 m³/min vert sikra."*

**Møre og Romsdal fylke** har for den del av søknaden som gjeld auka vassuttak konkludert slik i si fråsegn av 19.09.2009:

*"Konklusjon*

*Ved ei eventuell utviding av settefiskproduksjonen må det sikrast naudsynt minstevassføring i både Vassbakkeelva og Tungeelva.*

*Vi registrerer at anlegget i dag driv ein biologisk produksjon på meir enn det dobbelte av gjeldande konsesjon.*

*Vurdering*

*Auka vassuttak*

*Vi har ikkje oversikt over det reelle vassuttaket til settefiskanlegget. Ved Fylkesmannens tilsyn av anlegget den 09.09.09 kom det fram at dagens produksjon er 1 137 000 stk! Dette er klart i strid med opplysningane i søknaden og gjeldande konsesjon som er på 500 000 stk.*

*Det vart i 2007 gitt konsesjon til bygging av Steinsvik kraftverk AS i Tungeelva. I vår fråsegn til konsesjonssøknad for kraftverket konkluderte vi at vi kunne tilrå utbygging på visse vilkår:*

> *"Føresetnaden er at all teknisk vassbruk i Steinsvikelva, Vassbakkeelva og Tungeelva blir samordna og lagt til Tungeelva. Dette vil mogleggjere at bruksfunksjonane (vassforsyning, kraftproduksjon og flomdemping) skjer i Tungeelva, medan fiskesperre og vassuttak i Vassbakkeelva avviklast, slik at Vassbakkeelva kan få reetablere seg biologisk ut frå sine naturlege føresetnader. Gjennom denne prioriteringa med omsyn til bruk og vern vil mykje kunne vinnast i høve til dagens situasjon i Steinsvikvassdraget".*

*I si innstilling til OED fann ikkje NVE noko grunn for å gjere ei kopling mellom desse to uttaksformåla fordi det var ulike eigarar av settefiskanlegg og kraftverk.*

*Når det no ligg føre ny søknad om utviding av anlegget aktualiserer det trongen for å sjå vasshushaldninga i dei to vassdraga i samanheng. Vi finn ikkje grunn til å gå detaljert inn i vurderingane av vasstilgang og vassbudsjett. Det vesentlegaste for våre ansvarsområde er at*

*det blir sikra tilstrekkeleg restvassføring i Vassbakkeelva og Tungeelva nedanfor vassinntaka til å oppretthalde den naturlege biologiske produksjonen på ein sikker måte. I dette ligg også vår tilråding om at fiskesperra skal bort og at vatnet må reinsast eller alternativ inntak nyttast."*

**Søkjar** har i brev av 02.10.2009 kommentert Møre og Romsdal fylke si fråsegn slik:

*"Viser til fråsegn dat.18.09.2009 frå Møre og Romsdal Fylke ang vår søknad om utvidelse av konsesjon og dertil auka vassuttak og fiskesperre ved Vassbakkevatnet. Som Fylket oppsummerer har dette vært ein lang prosess og til dels med fleire aktører og situasjoner som har gjort at dette har tatt tid. At vi kunne gjort ting annleis er nok en del på veg riktig, men føler likevel behov for nokre betraktninger i dette.*

*Etablering av renseanlegg*

*Som brev sendt til NVE i mai 2000 om status mht fristen på opning av fiskesperre som var 1. juni 2000 hadde, og har vi investert i og montert utstyr for rensing av inntaket i Vassbakke, men at dette trolig ikkje var igangkjørt til fristen. Som beskrevet då var det likevel slik at vi kunne stenge av denne vasskilda og bruke Tungeelva slik at vi hadde på plass og i orden fasiliteter til et "trygt" vassinntak i tilfelle fiskeoppgang.*

*Etablering av kulper nedstrøms demning*

*Demninga har slik eg er kjend med stått lenge og har med tidligare utnytting av vatnet til kraftverk og andre aktiviteter. Denne var tilordna i tidligare tider for å stette krav til effektiv sperre. For å tilordne denne fiskeoppgangen i 2000 skulle vi iht skisser frå Direktoratet for Naturforvaltning etablere nokre kulper som utligna høgdene. Dette vart forsøkt oppstarta, men grunneigar nekta oss når gravemaskin skulle tilordne dette. Det gjekk då på dette med retter og avtaler for å få dette gjort, og arbeidet med å få til avtaler og kompensasjon for dette var vanskelig. Gardane på Steinsvik og Vassbakke gjekk inn i jordskiftesak og skulle avklare bl.a vass-, beite- og fiskerettar som drog ut denne prosessen.*

*Denne jordskiftesaka er avgjort, anka og fastsatt. Grunneigarar på dei to gardsnummer leser dette likevel noko ulikt slik at arbeidet med ei felles avtale er lagt bort og vi har fastsett avtale med Vassbakke og arbeider med tilsvarande for Steinsvik. Vi har eksisterande avtaler som grunnlag for våre rettar, men vil avklare alle ev. uklarheter i nytt avtalesett.*

*Det er i dag 4 tilsette som har sitt innkome frå anlegget og som alle har sitt tilhold i bygda. Setjefiskanlegget utgjer såleis ein viktig arbeidsplass i den vesle bygda Steinsvik. Ei utbygging vil definitivt sikre desse og mest sansynlig legge grunnlag for ei auke i talet som merkast i bygda.*

*Mattilsynet har lagt til grunn mulighet for dispensasjon for å bruke vatn med fiskeoppgang når det er etablert rensing av vatnet, men MHN vurderer at en avvikling av fiskesperren vil utgjere ein stor risiko. For MHN er fiskesperra ein svært viktig faktor i vurderinga for dette og å legge store investeringar som dette er snakk om blir vanskeleg viss vasskjelda vert vurdert som usikker på tross av desinfisering.*

*Mattilsynet vurderer at vannkilder som har oppgang av anadrom fisk ugjer ein smitterisiko og at vatnet difor må rensas. For MHN vil det utgjere ein risiko ved en eventuell svikt i rensinga mtp på at dette kan gje restriksjonar på leveranser av setjefisk frå anlegget, både om og kvar*

*fisken kan leverast. Dette har vi ikkje kontroll på i tilstrekkelig grad. Rammebetingelsane for bruk av vatn som har oppgang av anadrom fisk kan og endre seg.*

*Det er også tatt opp at vi kan nytte Tungeelva istaden for Vassbakke, men sjølv om kraftverket og magasina på fjellet skal vere ein fordel for anlegget med stabil og auka middel-avrenning har vi for lita styring på korleis dette vert disponert.*

*Også uforutsatte stopp som medfører vannstopp gjennom rørgate gjer behovet for også Vassbakke som tilførsel nødvendig. Med slik trykk som er, kan reserveuttak vere ei utfordring og som viser seg noe avventande.*

*Det er også slik at det totale nedslagsfeltet er ca 22 km² og der Vassbakke utgjer meir enn det halve. Dette begrenser også mulighet for tanke på framtidige planer for Steinsvik. En lokalitet som er ideell for smoltproduksjon med stort nedslagsfelt og vasskvalitet og som det einaste anlegget i regionen som kan driftes uten behov for buffring eller anna vannbehandling. Med et eksternt drifta kraftverk i eine vasskjelda og anadrom fisk i andre vasskjelda har forutsetningane endra seg kraftig ift dei optimale forutsetningane som er her inne.*

*Vi håper at det på tross av dårlige signal kan vege tyngst at det samfunnsnyttig er viktigare med arbeidsplasser på Steinsvik og at vi kan få et slikt løyve som vil redusere vandrings-mønsteret i Vassbakkedalen. Sjølv om vi skulle få stenge for oppgang er det fortsatt 6 – 700 meter elv som kan holde ei stamme oppegåande og som sikres med restfelt og minstevassføring."*

**Søkjar** har i brev av 12.03.2010 gitt følgjande innspel om minstevassføring og planar for vassparande tiltak:

***"Emne: Steinsvik - Forslag til minstevassføring.***

*Viser til korrespondanse ang søknad og innspel fra søker om slipp av minstevassføring.*

*Kraftverket i Tungeelva har ingen minstevassføring vinterstid (kun restfeltet nedenfor demning) men 70 l/s sommerstid. Snøsmelting på denne delen av feltet til langt utover sommeren vil trolig medføre at her er marginer til dette utover sommer og høst.*

*Forslag:*

*Tungeelva 30 l/sek vinterstid og 70 l/sek sommerstid. Vassbakke 30 l/sek hele året.*

*Frå åmotet mellom Vassbakke og Tungeelva og til sjøen som er "beste" elvestrekninga vil då ha minimum 60 l/sek vinterstid og 100 l/sek sommerstid. Vidare har vi uten at dette spesifikt er nevnd i søknaden i våre planer ved utbygging at det vert etablert ei resirkuleringsenhet i større eller mindre grad. Dette vil sikre anlegget med tanke på perioder med lite vasstilsig og at perioder med kun slik minstevassføring i elva skulle bli ein ytterst sjelden situasjon.*

*Vi meiner med dette at det skulle bli ein god situasjon i elva på det jevne og at periode med ev. minstevassføringssituasjoner skulle bli sjelden, men likevel god."*

**Grunneigarar i Steinsvik** har i brev av 11.01.2010 gjeve slikt fråsegn:

*"Som grunneigarar til gnr. 131. bnr. 1-5 vil me uttale følgjande om ovannemnde søknad.*

*Vassdraget som renn ut inst i Dalsfjorden har så langt attende i tida som nokon veit vore eit vesentleg moment for busettinga og for folket sine levekår.*

*I eldre tider og med den teknologi som då var tilgjengelee var Vasselva den som lettast let seg utnytte. Den første demninga i Vassbakkevatnet vart bygt så tidleg at det no ikkje finst skriftlege kjelder som kan dokumentere det. Denne reguleringa vart gjort for å skaffe kvernvatn når brukarane hadde trong om det. Seinare vart også truskinga av kornet mekanisert og vatnet i elva vart nytta som drivkraft til dette også. Dagboks notat frå slutten av 1800-talet syner at også bønder frå andre bygder kom hit fbr å få kornet sitt male.*

*Vasskrafta vart etter kvart også nytta til å drive sagbruk og det var ved elva og på grunnlag av vasskrafta at Møre Skofabrikk; hjørnesteinsbedrift i Inste Dalsfjorden til ut på 1990-talet. vart starta.*

*Då elektrisiteten gjorde sitt inntog i Noreg såg brukarane at energien i vassfallet kunne utnyttast betre og meir effektivt. Ny demning vart bygd i 1918 og kraftverket som var eit samarbeidsprosjekt mellom alle dei 7 eigarane av fallrettane starta produksjonen. Kraftverket krevde ei streng regulering og alle andre vassrettar måtte vike. Likevel hende det at kraftverket stod stille og fabrikken måtte permittere arbeidarane og bygda elles måtte også greie seg utan elektrisitet til frosten eller turkebolken gjekk over.*

*Det vart også bygd demning i Bogvatnet, fremst i Vassbakkedalen, for å kunne regulere vassressursane best mogeleg til kraftproduksjonen. Kraftverket produserte om lag 47 kW. Med aukande folketal og aukande forbruk pr. innbyggar vart dette etter kvart for lite og bygda vart knytt til det almenne kraftnettet i 1950-åra. Steinsvik og Vassbakke Elektrisitetsverk var likevel i produksjon til ut i 1970-åra.*

*Om lag ti år seinare vart vatnet i vassdraget grunnlag for ny næringsdrift då Steinsvik Laks AS starta smoltproduksjon. Denne verksemda har under ulike eigarar vore i drift heilt til no og er det framleis.*

*Grunnlaget for busetnad i Inste Dalsfjorden har i all tid vore utnytting av naturressursane. Smoltanlegget har vore i drift i 25 år og har trass skiftande i tider i denne næringa vist at det er eit godt grunnlag for slik produksjon her.*

*Men dette er også dei einaste industriarbeidsplassane i Inste Dalsfjorden no. Skofabrikken vart lagt ned midt på 1990-talet. Jordbruket er også nesten heilt utradert. Det er i dag eit bruk som driv mjølkeproduksjon og eit par som driv kjøtproduksjon på sau. Alle i liten målestokk og ikkje som eineyrke for nokon.*

*Fisket i vassdraget har aldri vore avgjerande for busetnaden i bygda. I den grad det har vore drive fiske i vassdraget har det vore ved sidan av anna utnytting og alltid heilt underordna denne.*

*Me meiner difor det ville vere heilt urimeleg dersom omsynet til fisket i elva eller fiskebestanden skulle føre til at dei siste faste arbeidsplassane skal forsvinne frå Inste Dalsfjorden. Me er glade for at Marin Harvest Norway AS vel å satse på utviding og trygging av anlegget og at det også kan føre til fleire arbeidsplassar enn der er i dag.*

*Marin Harvest Norway AS sin søknad om utvida produksjon og om mellombels fiskesperre for 10 nye år må difor imøtekomast."*

# Norges vassdrags- og energidirektorat (NVEs) sine merknader

### Om søkjar

Søknaden vart fremma av Pan Fish Norway AS. Anlegget er seinare overteke av Marine Harvest AS som no driftar anlegget i Steinsvik.

### Om søknaden

Marine Harvest AS sitt anlegg Steinsvik med registeringsnummer *(reg .nr. M/Va 0010)*, søkjer om å utvide settefiskkonsesjonen M/Va 0010 i Steinsvik i Volda kommune frå 0,5 til 2,5 millionar sjødyktig settefisk årlig. Anlegget har hatt konsesjon sidan 15. oktober 1986. Utvidinga er planlagt i tilknyting til eksisterande anlegg. Utviding av produksjonen vil ikkje føre med seg omdefinering av arealbruk knytt til utvidinga.

I søknaden er det gjort greie for og lagt fram aktuell dokumentasjon på vassressursen i høve til vassforbruket som vil vere nødvendig for den planlagde produksjonsauken. Søknaden gjeld difor også eit nærare fastsett vassuttak på maksimalt 25 m$^3$/min og fortsatt regulering av Vassbakkvatnet med 1 meter.

Søknad om løyve til stenging av vassdraget for oppgang av anadrom fisk til Vassbakkvatnet er handsama som eige sak.

### Vassuttak og hydrologiske verknader

Settefiskanlegget har i dag vassinntak i Tungeelva omtrent på kote 30 og eit inntak i Vassbakkvatnet.

Nedbørfeltet til vassdraget er på ca 24 km$^2$ med høvesvis ca. 13 km$^2$ til Vassbakkelva og 10 km$^2$ til Tungeleva. Midlare spesifikk avrenning er oppgitt til høvesvis 100 og 80 l/km$^2$/s. Det er likevel ikkje slik at nedbør og avrenning følgjer gjennomsnittet. I kalde vintrar kan det være marginal avrenning frå nedbørfeltet.

Ved vurdering av vassuttak frå vassdraget, vil det være vassføring gjennom døgnet som er avgrensande og ikkje gjennomsnittleg månadsvassføring.

Retten til å nytte vassdragsrettane er basert på avtalar mellom grunneigarane og settefiskanlegget. Inntaket i Vassbakkvatnet er plassert slik at det kan hentast vatn frå overflata og ned til eit djup på ca. 15 m. Det er i søknaden skissert eit teoretisk vassforbruk i september på 25 m$^3$/min, medan det om vinteren vil kunne være under enn 6 m$^3$/min. Det blir planlagt å etablere eit opplegg for å kunne bruke desinfisert sjøvatn som reservevassforsyning ved anlegget. Søkjar har vidare i brev av 12.03.2010 til NVE, meldt frå om at det blir planlagt å etablere ei eining for resirkulering av vatn i settefiskanlegget.

Det er ikkje planlagt vesentlege endringar i det etablerte vassforsyningsanlegget som er basert på to 450 m lange inntaksleidningar; den eine til inntaket i Vassbakkvatnet og den andre til utløpet frå Steinsvik kraftverk

### Regulering og demming i Vassbakkvatnet

Det er frå gammalt av etablert ei regulering i Vassbakkvatnet på 1 m som gir eit magasin på 117 600 m$^3$. Denne reguleringa er knytt til dammen i utløpet av Vassbakkvatnet som vart bygd i 1918 då det i Vassbakkvatnet vart etablert regulering og inntak til eit lokalt kraftverk. Det er opplyst at kraftverket var i drift fram til 1976 og at det då vart laga ei opning i dammen. Den fyrst byde dammen var truleg

bygd opp som ein konstruksjon av trematerialar og naturstein. Det er vidare opplyst at det i 1950-åra, i privat regi, vart etablert ei enkel fisketrapp forbi dammen. Trappa har seinare forfalle og er no borte.

NVE har tidlegare, jf. VK – NOTAT NR 11/95 frå 11.10.1995 i saka som omhandla stenging for oppgang av anadrom fisk til Vassbakkvatnet, uttalt følgjande:

> *"Vi vil imidlertid sterkt påpeke at hvis det viser seg at selskapet går utover den regulering selskapet praktiserer uten en tillatelse etter nevnte lov (laveste regulert vasstand på 30 m o h og høyeste regulerte vannstand på 31 m o h) og tørrlegger Vassbakkelva vil reguleringen og uttaket i Vassbakkvatnet måtte bli behandlet etter samme lov."*

Det er ikkje søkt om endringar i høve til denne delen av anlegget, og NVE legg til grunn at både den gamle dammen og reguleringa er basert på eit lovleg etablert vassdragsanlegg. Søknaden er likevel utforma slik at den også omfattar den etablerte reguleringa av Vassbakkvatnet.

Drifta av settefiskanlegget har vore basert på at det ikkje skal kunne gå anadrom fisk opp til eller forbi vassinntak til settefiskanlegg. Saman med rehabilitering av dammen i utløpet av Vassbakkvatnet i 1980-åra, vart det også gjort tiltak som var meint å gje fullgod sikring mot at anadrom fisk kunne gå vidare opp i vassdraget. Samla vart dette tiltaket med rehabilitering av den gamle dammen også definert som ei fiskesperre for anadrom fisk. Steinsvik Laks AS fikk et tidsavgrensa løyve frå NVE for fiskesperra i 1991, seinare forlenga til 01.06.2000, jf. brev frå NVE av 24.10.1995. Saman med søknaden om utviding er det også søkt om løyve til fortsatt å sperre vassdraget for oppgang av anadrom fisk i nye 10 år, slik at Vassbakkvatnet fortsatt kan være hovudvasskjelde. Vi syner til eige vedtak av i dag som vedkjem denne delen av søknaden.

Søkjar har dokumentert at det er teke initiativ for å bygge ny fisketrapp forbi dammen i Vassbakkvatnet. Planar for eit slikt tiltak vart uarbeidd av rådgivar i Direktoratet for naturforvaltning, men vart ikkje gjennomført grunna motvilje frå grunneigarane på staden (opplysningar frå søkjar).

### Flaum og erosjon

På den aktuelle vassdragstrekkja er det tydelege spor etter tidvis stor vassføring (flaumar) som medfører massetransport og omfattane erosjon i elvebotnen. Grunna skadeflaumar er det utført til dels store oppreinskings- og sikringstiltak i vassdraget. Ikkje minst har flaumar frå Tungelva ved fleire høve medført større endringar i elvebotn og substratfordeling. Det er her rekna med at dei 2 reguleringsmagasina som er etablert i tilknyting til Steinsvik kraftverk kan bidra til flaumvassføringane blir sjeldnare og truleg meir sjeldan ikkje like store som før. I noko grad kan også dammen i Vasssbakkvatnet ha ein flaumdempande verknad og såleis bidra til at elvebotnen over tid blir meir stabil. Det er i søknaden vist til at det med tiltak, som bør vurderast nærare, kan vere aktuelt med tilrettelegging i elveløpet for å betre tilhøva for naturlege fiskestammar.

### Vassbudsjett

Planlagt vassuttak frå vassdraget varierer frå nær 25 $m^3$/min i august – september til ca. 15 $m^3$/min i oktober og ned mot ca. 6 $m^3$/min om vinteren. I søknaden er det vist til at Småkraft AS som driftar Steinsvik kraftverk i Tungeelva har garantert at det vil vere tilgjengleg 250 l/sek, dvs. 15 $m^3$/min i utløpet frå kraftverket gjennom heile året. Grunnlaget for å kunne sikre ein slik tilgang på vatn er reguleringsmagasina i Blåfjellvatn og Nedre Trevassdalsvatnet og at det er tilstrekkeleg hushald med vassressursen til at kraftverket til ei kvar tid er i drift. I tillegg vil reguleringa på 1 m i Vassbakkvatnet, som settefiskanlegget disponerar, gje eit magasinvolum på 117 600 $m^3$.

Restvassføringa til vassdraget nedafor inntakspunkta til settefiskanlegget vil gjennom året vere knytt til tilsiget frå uregulert felt, driftsvassføring frå kraftverket og vassuttaket frå Vassbakkevatnet. I periodar av året vil vassuttaket til settefiskanlegget vere slik at ein vesentleg del av driftsvassføringa frå kraftverket saman med uttaket frå Vassbakkevatnet kan bli nytta.

**Verknader som tiltaket vil medføre**

Nedanfor er det gitt ei oversikt over kva NVE meiner er dei viktigaste fordelane og ulempene ved tiltaket:

Fordelar

- Prosjektet vil i følgje søknaden gi grunnlag for auka produksjon av settefisk og sikre lokal aktivitet og verdiskaping.

Ulemper

- Ei utviding av produksjonen vil medføre redusert vassføring i vassdraget på strekninga frå dei to inntaka til settefiskanlegget og ned til sjøen. Utan vilkår som avgrensar vassuttaket kan det oppstå periodar med kritisk lita vassføring og fare for tørrlegging av elvestrekkja.
- Eit auka vassuttak vil kunne få konsekvensar for anadrom fisk om det ikkje blir gjort fiskeforsterkande tiltak i vassdraget.

## NVE si vurdering

NVE ser at planlagt utvida produksjon i settefiskeanlegget vil nytte ein større del av den samla vassressursen i vassdraget enn før. Spesielt vil dette kunne gje utslag for restvassføringa i periodar med tilsig på nivå med midlare og låge vassføringar.

Det etablerte settefiskanlegget som har vore i drift over ein periode på meir enn 20 år, har ikkje hatt noko særskilt løyve for uttak av vatn og såleis heller ikkje vilkår om slepping av minstevassføring. Slik NVE vurderer informasjonen som ligg føre, kan det vere noko uklårt om uttaket av vatn i periodar har vore slik at ein vesentleg del av tilsiget har blitt nytta. NVE legg til grunn at ein konsesjon med fastsette vilkår, bl.a. krav om minstevassføring, vil kunne gje betre tryggleik for at vassdraget ikkje får ei særs låg vassføring og samstundes sikre at selskapet driv i samsvar med eit løyve der det er vilkår som tek omsyn til ålmenne interesser.

Det er i søknaden vist til at vassdraget har mindre bestandar av laks og sjøaure. Møre og Romsdal fylke har i si fråsegn sterkt påpeika at vassdraget er viktig og at det må gjerast tiltak med dammen i Vassbakkvatnet slik at anadrom fisk kan passere opp og forbi.

NVE ser det slik at sjølv om elvesubstrat og ulike flomsikringstiltak på strekninga kan sette avgrensingar for fiskeproduksjon og ev. utøving av fiske, er det eit viktig mål at tilhøva for fisk blir vektlagt gjennom eit vassføringsregime som sikrar levetilhøve både for fisk og andre vasslevande organismar. Vilkår om minstevassføring gjennom heile året og ansvar for å vurdere ulike former for tiltak som tersklar m.v. i sjølve elveløpet, vil såleis være viktig.

Søknaden om løyve til auka vassuttak omfattar også etablert regulering og damanlegget. NVE legg her til grunn at søkjar ønskjer å få den etablerte reguleringa med i vassdragskonsesjonen for anlegget. I vurderinga finn NVE å måtte legge vekt på det faktum at dammen og reguleringa vart etablert for nærare 100 år sidan og at dammen i det meste av denne perioden har representert ei sperre for oppvandring av anadrom fisk til vatnet. NVE vurderer det likevel slik at reguleringa av

Vassbakkvatnet og dammen i utløpet er eit lovleg etablert vassdragstiltak. Det vil likevel ikkje være akseptabelt med ei manøvrering og slik disponering av magasinet at elvestrekkja nedstrøms dammen kan bli tørrlagt. Eit auka vassuttak kan medføre auka fare for dette om det ikkje vert sett krav om minstevassføring forbi inntaka.

Møre og Romsdal fylke har peika på at fylket i si fråsegn i høve konsesjonssøknaden for Steinsvik kraftverk tilrådde ei samordning mellom vassforsyning, kraftproduksjon og flomdemping lokalisert til Tungeelva og då slik at fiskesperre og vassuttak frå Vassbakkelva kunne bli avvikla. Fylket meinar at søknaden om vassuttak til settefiskanlegget aktualiserar trongen for å sjå vasshushaldet i dei to vassdraga i samanheng. Det vart i fråsegna konkludert med at Møre og Romsdal fylke ikkje kan tilrå at det blir gitt løyve til forlenging av fiskesperra. Både krav om at sperra blir fjerna og vilkår om minstevassføring blir presisert i fråsegna.

Ei fisketrapp som i si tid vart etablert i privat regi for at anadrom fisk skulle kunne komme forbi dammen er borte. Med grunnlag i at dammen slik den ligg i dag er eit lovleg anlegg, er det NVE si vurdering at spørsmålet om tiltak for at anadrom fisk skal komme opp forbi dammen, ikkje kan knytast til krav om å fjerne dammen, men må løysast gjennom tiltak som eventuell bygging av ny fisketrapp og då som del av ev. tiltak for å forsterke fiskestammane i vassdraget. I denne vurderinga legg NVE vekt på at dammen i Vassbakkvatnet i ein stor del av tida etter 1918 har representert ei sperre for anadrom fisk. Etablering av privat fisketrapp og at det hender at einskilde fiskar forserar dammen, endrar ikkje dette i vesentleg grad. Det er elles ikkje dokumentert at miljømessige negative verknader har vore spesielt store.

Grunneigarane til gnr. 131. bnr. 1-5 har i si fråsegn vist til historisk utnytting av vassdraget og den verdi dette har hatt for lokalsamfunnet. Det er i fråsegna vist til interesse knytt til fisket i elvane, men det blir framheva at fisket har vore underordna dei andre utnyttingsformene.

Volda kommune viser til at plassering av anlegget er i samsvar med kystsoneplanen og at utvidinga vil skje på areal som verksemda alt disponerar.

Ingen av høyringspartane går i mot at det blir gjeve løyve til auka vassuttak til settefiskanlegget.

I ei samla vurdering legg NVE vekt på at settefiskanlegget gjennom året vil nytte ein relativt liten del av den samla vassressursen. Maksimalt vil vassuttaket kunne komme opp i ca. 20 % av midlare vassføring gjennom året. Planlagt vassforbruk, slik det er skissert i søknaden og i høve til naturleg vassføringsregime i vassdraget, vil likevel bli størst i periodar av året då tilrenninga til vassdraget ofte går ned mot lågvassføring. Etablerte reguleringar i vassdraget med fleire magasin som blir nytta slik at dei kan bidra til å sikre vatn til settefiskanlegget, vil likevel kunne sikre vatn også i lengre periodar med lite tilsig.

Rammer for vassuttak til settefiskanlegget vil vere viktige for å sikre restvassføring både i Vassbakkelva og Tungeelva. Aktuelle strekkje i dei to elvane er definert som anadrome, og det må i ein ev. konsesjon fastleggjast krav til minstevassføring til vassdraget nedanfor inntakspunkta. NVE ser det slik at i konsesjonæren si planlegging av tiltak for disponering av vassressursen, skal vilkår om minstevassføring ha første prioritet. Dimensjonering av settefiskanlegget i kombinasjon med aktuelle vassparande tiltak må være slik at det blir teke høgde for at det skal bli mogleg å komme gjennom periodar med kritisk lite tilsig utan at det går utover ei ev. fastlagt minstevassføring. Med grunnlag i settefiskanlegget sin avtale om vatn frå Steinsvik kraftverk og reguleringsmagasinet som anlegget sjølv disponerar i Vassbakkvatnet, vil anlegget kunne disponere bra med vatn også i dei mest tørre periodane. Det er likevel NVE si vurdering at ei utviding av anlegget vil krevje særskilte tiltak for å spare vatn, m.a. resirkulering for å sikre ei forsvarleg drift i lengre periodar med lite tilsig til

vassdraget. Søkjar har i sine kommentarar til innkomne fråsegner peika på at det kan ligge noko uvisse knytt til sikker og stabil levering av vatn frå kraftverket, og at magasinet i Vassbakkvatnet i kombinasjon med resirkulering såleis vil bli det som utgjer turvande sikkerheit i høve til kritiske situasjonar som kan oppstå.

**Oppsummering**

NVE legg i vurderinga vekt på at det planlagde opplegget for å sikre tilgang på vatn vil kunne styrke grunnlaget for auka produksjon i settefiskanlegget i Steinsvik og dermed sikre vidare drift og arbeidsplassar knytt til anlegget. Planlagt auke i vassuttaket og utvida konsesjon vil ikkje i vesentleg grad gje verknader for vassdraget som er annleis enn det som har vore situasjonen med drifta av det eksisterande anlegget. Med vilkår om minstevassføring til både Vassbakkeelva og Tungeelva gjennom heile året, bør tilhøva for fisk og andre vasslevande organismar likevel bli tryggare. Vilkår om minstevassføring vil også i noko grad imøtekomme omsynet til ei samordning innafor dei rammer som forvaltningsplanen for vassregionen inneheld. Det same gjeld for vilkår om tiltak for ev. å styrke naturlege fiskestammar.

Viktige føresetnader for at anlegget skal kunne disponere nok vatn i periodar med kritisk lite tilsig, er avtalen om levering av ei vassmengde på minimum 15 $m^3$/min frå utløpet av Steinsvik kraftverk og at anlegget blir utbygd med resirkulering.

## NVE sin konklusjon

**Etter ei samla vurdering av planane og dei fråsegner som ligg føre, meiner NVE at fordelane ved regulering av Vassbakkvatnet med 1 meter og auka vassuttak frå vassdraget er større enn skader eller ulemper for ålmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. Marine Harvest AS får på dette grunnlag løyve etter vassressurslova § 8 til vassuttak og regulering av Vassbakkvatnet og vassutak frå Steinsvikvassdraget (inntak i Vassbakkelva og Tungeelva) til drift av selskapet sitt settefiskanlegg i Steinsvik. Løyvet blir gjeve på nærare fastsette vilkår.**

Når det gjeld fiskesperre i Vassbakkelva syner vil eige vedtak av i dag.

## Merknadar til konsesjonsvilkåra etter vassressurslova

*Post 1. Reguleringsgrenser, minstevassføring og vassuttak*

Reguleringsgrenser

Det vert gjeve løyve til regulering av Vassbakkvatnet med inntil 1 meter mellom LRV på kote 30 og HRV på kote 31. Dette svarar til eit vassmagasin på ca 117 600 $m^3$. Dette er i samsvar med den regulering som er i dag.

Det skal settas opp merke ved Vassbakkvatnet som viser høgaste og lågaste regulerte vasstand og eit informasjonsskilt som informerar om vilkåra for reguleringa. Dette skal plasserast godt synleg for ålmenta. Utforming av skilt og merking inngår som del av NVEs oppfølging etter post 4.

Minstevassføring

Fylgjande data for vassføring og slukeevne er henta frå konsesjonssøknaden og lagt til grunn for NVEs vurdering av minstevassføring:

| | | |
|---|---|---|
| Medelvassføring | $m^3$/min | 123 |
| Alminneleg lågvassføring | $m^3$/min | 10 |
| Omsøkt maksimalt vassuttak | $m^3$/min | 25 |

I store delar av året vi det være god restvassføring til elvestrekkjene nedanfor dei to inntaka. Magasinering av vatn i magasina som er etablert i Tungeelva og i Vassbakkvatnet vil ved oppfylling halde attende vatn og dermed i større grad kunne påverke vassføringa. Kontinuerleg drift av Steinsvik kraftverk vil likevel gjennom året gje jamnare tilgang på vatn i elvane ned mot sjøen slik at periodane med låg vassføring på anadrom strekning kan bli relativt korte.

For å sikre at elvestrekkjene nedafor inntaka ikkje blir tørrlagt skal det sleppast ei minstevassføring forbi inntaket i Tungeelva på 50 l/s (3 $m^3$/min) gjennom heile året. Forbi dammen i Vassbakkvatnet skal det sleppast ei minstevassføring på 90 l/s 5,4 $m^3$/min) i perioden frå og med 1. mai til 30. september og 50 l/s (3 $m^3$/min) i perioden 1. oktober til 1. mai.

Kravet til minstevassføring ligg samla noko under alminneleg lågvassføring på ca 160 l/s. Ved fasetting er det lagt vekt på at drift av vassdragsanlegga (kraftverket og settefiskanlegget) i større delar av året vil gje ei restvassføring i hovudelva som i vesentleg grad vil overstige det nivå som kravet til minstevassføring vil utgjere. Periodane med vassføring avgrensa til minstevassføringskravet vil bli relativt korte og ikkje gje vesentlege avvik i høve til det som har vore naturleg lågvassføring i elva.

Dersom tilsiget er mindre enn minstevassføringskravet, og magasinet er på lågaste tillete vasstand, skal heile tilsiget sleppast forbi. Settefiskanlegget skal i slike situasjonar ikkje ta ut vatn frå vassdraget.

Det skal etablerast måleanordning for registrering av minstevassføring. Aktuelle data skal leggjast fram for NVE ved førespurnad. Den tekniske løysinga for å dokumentere slepping av minstevassføring skal være ein del av godkjenninga av detaljplanen for anlegget.

Dersom det etter post 5 vert etablert fisketrapp eller liknande for oppgang av anadrom fisk forbi dammen i Vassbakkvatnet, kan heile eller deler av minstevassføringa nyttast i trappa.

Vassuttak:

Vassuttaket skal, i samsvar med søknad, vere avgrensa til maksimalt 25 $m^3$/min. Anlegget skal etablerast med tiltak for å spare vatn slik det går fram av søknaden og av tilleggsmelding frå søkjar datert 12.03.2010.

Vassmålar skal installerast og vassuttaket loggførast kontinuerleg.

*Post 2. Byggjefristar m.v.*

Plan for tiltaket må være godkjent av NVE etter vilkåra i post 4, og arbeidet være sett i gang innan tre år etter at dette løyvet er gjeve. Vidare må arbeidet fullførast i normalt tempo.

*Post 4. Godkjenning av detaljplanar, landskapsmessige tilhøve m..v.*

Detaljerte planar skal godkjennast av NVE og sendast til NVE sitt regionkontor i Førde i god tid før arbeidet vert sett i gong. Detaljar med prosjektet som ev. vegar, landskapsmessige tilhøve, anordning for nedtapping, inntak, vassleidningar m.v. vil liggje under denne posten.

Eventuell nedlegging av anlegget eller delar av anlegget skal gjennomførast i samsvar med prosedyrar etter denne posten.

*Post 5. Naturforvaltning*

Eventuelle pålegg i medhald av vilkåret må være relatert til skader forårsaka av tiltaket og stå i forhold til tiltaket sin storleik og verknadar. Konsesjonæren pliktar etter nærare pålegg av fylkesmannen å sørgje for at tilhøva i vassdraget er slik at dei stadeigne fiskestammane i størst mogleg grad oppretthe1d naturleg reproduksjon. Fylkesmannen kan gje pålegg om å kompensere for skadar på den naturlege rekrutteringa av fiskestammane ved tiltak.

Fylkesmannen kan gje pålegg om etablering av fisketrapp eller liknande i dammen i Vassbakkvatnet for at anadrom fisk kan passere dersom det ikkje lenger er løyve til å oppretthalde dammen som fiskesperre.

*Post 8: Tersklar m.v.*

Dette vilkåret gjev heimel til å påleggje konsesjonær å etablere tersklar, eller gjere andre biotopjusterande tiltak som utdjuping av kulpar i elvelaupet m.v. dersom dette seinare skulle vise seg naudsynt. Dersom inngrepa fører til erosjonsskadar, fare for ras eller overfløyming, eller aukar faren for at slike skadar vil inntreffe, kan NVE påleggje konsesjonæren å koste sikringsarbeid eller delta med ein del av utgiftene med dette.

**Andre merknadar**

NVE vil syne til at det er søkjar sitt ansvar å syte for at fiskemengda i anlegget er tilpassa den vassmengda som nedbørfeltet gjev med tanke på tørrår. NVE vil derfor presisere at uavhengig av utfall av denne søknaden er det forventa at selskapet held seg til faste reguleringsgrenser. Vassparande tiltak er i så måte viktig, jf. kravet i post 1.